

---

Saksnr:	2020/71729-6
Saksbehandlar	Endre Korsøen
Dato:	16.03.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

---

## Marin satsing 2020 - 2030 - Orientering om finansiering

### Bakgrunn

På sikt vil verksemda og inntektene innan petroleum og leverandøromsetning knytt til denne næringa verte lågare, og vi ser etter verksemd og inntekter som kan kompensere for dette.

Vestland har naturlege fortrinn innan marin sektor, og vi ser at det kan skapast enno større verdiar av det som vi hentar opp frå havet - og særleg innan akvakultur. Med bakgrunn i dette er det arbeidd med å forme ein større innsats innan det marine området, samstundes som vi i det daglege arbeider med både marin forvaltning og tilrettelegging for marin næringsutvikling.

Fylkeskommunen sitt daglege arbeidet er gjort greie for i marin tiltaksplan 2021, som vart vedteken i hovudutvalet 17.februar. Og denne marine tiltaksplanen har tiltak som det må arbeidast vidare med å få finansiert. Desse heng dels saman med den forsterke marine innsatsen, og vi gjer greie for dette her.

Det nye Marine programmet, med den forsterka marine innsatsen var oppe som sak i fylkesutvalet 26.november 2020, PS 228/2020. Fylkesutvalet gjorde då følgjande vedtak:

- 1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.*
- 2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Vestland fylkeskommune vil støtte opp om og skal vera ein pådrivar for ei berekraftig vekst av sjømatnæringa der målet er auka matproduksjon og arbeidsplasser langs kysten i Vestland. På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.*
- 3. Fylkesutvalet bed særskilt om at problemstillingar knytt til areal og kompetanseutvikling i kommunane til næringsføremål i sjø vert prioritert, saman med tiltak som bidreg til at heile fylket kjem over i grøn sone innan trafikkjossystemet. Vidare er utvikling av fiskerihamnene viktig infrastruktur i sjømatnæringa, og bør ha prioritet.*
- 4. Fylkesutvalet stør det vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeidd med å finne varig finansiering for satsinga. Her kan mellom anna havbruksfondet vera ein naturleg finansieringskjelde.*

I samband med sak om marin tiltaksplan i hovudutvalet 17.februar bad utvalet som at fylkesdirektøren kjem tilbake med ei sak om finansiering av den marine innsatsen, og svaret på det er denne referatsaka.

Vi har elles merka oss følgjande verbalpunkt i samband med fylkestinget si behandling av budsjett 2021 - under hovudpunkt 4 i protokollen:

8) Fylkestinget meiner fiskeri og havbruk er mellom framtidsnæringane i Vestland. Fylkestinget vil bidra til auka matproduksjon, fleire arbeidsplassar og grøn vekst langs kysten. Fylkestinget imøteser handsaming av marin tiltaksplan som del av Utviklingsplanen for Vestland, og vil kome attende til oppfølging av planen.

## Finansiering av tiltak som ligg i vedteken marin tiltaksplan for 2021

Marin tiltaksplan 2021 femnar om ei rekkje tiltak innan m.a.

- Tilrettelegging for styrka rekruttering til marine næringar
- Kompetanseutvikling og kompetansedeling
- Partnerskapsarbeid, samlingar, konferansar og messer
- Ulike prosjekt, m.a. korallkartlegging og marine grunnkart

Og elles ligg det inne nødvendig kapasitet og finansiering i den løpande forvaltninga innan akvakultur.

Når vi ser vekk frå marine grunnkart er det om lag 1,7 mill kr av tiltaka i marin tiltaksplan 2021 som ikkje er finansierte pr no.

Når det gjeld marine grunnkart gjenstår det eit arbeid i tidlegare Hordaland, og dette vil koste fylkeskommunen ein stad mellom 4 og 6 mill kr, forutsett at NGU, kommunar og næringsaktørar tek sin del. Det er fullført eit prosjekt i nordre del av tidlegare Sogn og Fjordane, og eit prosjekt i søre del av tidlegare Sogn og Fjordane vert ferdig i 2023. Desse to prosjekta er finansierte av Sogn og Fjordane fylkeskommune, som var inne med nærmare 4 mill kr.

Oppsummering behov for midlar til å gjennomføre den marine tiltaksplanen for 2021

- |  |             |
|--|-------------|
| - Marine grunnkart i tidlegare Hordaland               | 4-6 mill kr |
| - Andre tiltak i planen som pr no ikkje er finansierte | 1,7 mill kr |

## Finansiering av ein forsterka marin innsats

Den forsterka marine innsatsen er under utforming, og den vidare utforminga vil skje i dialog med samarbeidspartnarane våre. Og vi forventar at samarbeidspartnarar og næringa kan vere med å støtte opp under innsatsen, også økonomisk. Det er på dette tidspunkt følgjeleg utfordrande å setje konkrete tal på dei ulike aktivitetane og kva dette vil medføre av økonomisk medverknad frå fylkeskommunen.

Det vert arbeidd vidare med å finne varig finansiering som stør denne innsatsen. Det er samstundes eit mål at satsinga/programmet har eit mykje høgare samla økonomisk innsats enn det Vestland fylkeskommune kan medverke med:

- Dette er eit program med mange prosjekt der det er økonomien i kvart prosjekt som definerer den samla økonomien i programmet. Dette vil avgjerast av mengd gode prosjekt, og korleis dei kan finansierast. Erfaringsmessig vil gode prosjekt vera interessanne for næringa å delta i.
- Prosjektfinansiering vil skje gjennom både arbeidsinnsats frå deltakarane og finansiering frå prosjektdeltakarar. Særleg gjeld dette næringsliv, men det kan tenkjast prosjekt finansierte av forskingsrådet og regionalt forskingsfond, Innovasjon Norge, EU-program og private stiftingar.

Statlege styresmakter bør bidra, og målet må vere at det blir løyvd pengar over statsbudsjettet gjennom Nærings- og fiskeridepartementet, seinast frå 2022. Fylkesordføraren hadde møte med Nærings- og fiskeridepartementet 11.03.2020, der denne marine satsinga, ref. fylkesutvalet sitt vedtak over. Fylkesordførar møtte statssekretær Trine Danielsen og fagfolk i departementet. Fylkeskommunen si orientering om den forsterka marine innsatsen vart motteken med interesse, og det var tydleg at ein frå departementet si side var godt oppdatert på dei problemstillingane som vart formidla. Statssekretæren kunne naturleg nok ikkje svare på muligheten for statleg finansiering. Men det vart konkludert med at fylkeskommunen kan sende ein søknad om økonomisk deltaking, og administrasjonen utformar i løpet av kort tid ein søknad. Mål for møtet var å informere om marin satsing, legitimere deltaking frå regional stat, oppdatering av regulatoriske verkemiddel, vekt på forskingsinnsats og økonomisk medverknad.

- Ved etablering av programmet treng det tilsettast/innleigast ein administrativ styring av programmet. Dette for å sikre ei god koordinering av den samla innsatsen.

### Interessentar i det Marine programmet:

I vårt arbeid så langt har vi registrert mange samarbeidspartnarar i denne satsinga. Desse vil som sagt over ha ulike roller og ansvar. Men vi ser desse samla som viktige samarbeidspartnar som på ulik måte må involverast i satsinga om vi skal lukkast:



### **Planlagde aktivitetar i programmet, med anslag for budsjett og finansieringsplan.**

#### Areal til berekraftig sjømatproduksjon:

Vi får stadig tilbakemelding frå kommunar om krevande problemstillingar kring arealvurderingar i samband med næringsverksemd. Og kystkommunar melder om utfordringar kring sjøretta næringsverksemd, der areal til akvakulturverksemd er eitt av dei vanskelegaste tema. Dette knyter seg til sjølve arealvurderinga, men også tilgongen til eit godt kunnskapsgrunnlag for vurderinga - og tilstrekkeleg kompetanse til å gjere desse kompliserte vurderingane. Og vi ser rett som det er at gode vurderingar fordrar at ein ser eit større område i samanheng, noko som fordrar samarbeid kommunane i mellom.

Vi har merka oss fylkesutvalet sitt vedtak om at vi særleg skal sjå på problemstillingar knytt til arealformål og kompetanseutvikling knytt til arealutvikling i kommunane og næringsformål i sjø. Vi vil utvikle eit grunnlag for å optimalisere bruken av sjøareala i Vestland fylke slik at dette kan bidra i retning av regjeringa sitt overordna mål om femdobling av produksjonen av sjømat. For å få dette til, vil vi ta utgangspunkt i omgrepet "berekraftig akvakultur;" og sjå på kva prosjektet, gjennom optimalisert bruk av areal, kan bidra med for å gje dette eit reelt innhald. Førebels stikkord er: lågast mogeleg belastning på miljøet, t.d. transport av for og fisk, utslepp (forspill), landstraum, smittespreiing, biologisk mangfald, minimalisere påverknad på andre artar/samfunn.

#### Kunnskapsgrunnlag:

Eit betre kunnskapsgrunnlag inneber m.a. marine grunnkart i heile Vestland. Det må elles leggast til rette for å sjå større område og heile fjordsystem i samanheng. Og dette kan ev resultere i at ein samlar desto meir av oppdrettsverksemda på dei beste lokalitetane, medan dårlegare lokalitetar vert fristilte til anna aktivitet (ev anna akvakultur som lokaliteten er betre eigna for). Det må venteleg nyttast ressursar til å styrke både kompetanse og ev plankapasitet, og på det viset legge til rette for at kommunane er rusta til å arbeide godt med dette.

Ein viktig del av programmet vil ha merksemd på å støtte kommunane i deira behov på plan og kompetansesida. Her vil vi etablere tett dialog med dei om dette. Kanskje kan løysinga være å saman med oppdrettskommunane i Vestland ansette to - tre spesialistar på arealplanlegging i sjø og strandsone som kan flytte seg frå kommunen til kommune, når desse er i arbeid med kommunale arealplanar?

Stipulert kostnadsramme for ein innsats kring arealproblemstillingar er pr. no 12 mill. kr (syner elles til omtale av marine grunnkart i kapittel om marin tiltaksplan 2021).

Rekruttering og kompetanse:

Norge har sine naturlege fortrinn innan havbruk. Men den teknologiske utviklinga opnar no etter kvart også for havbruk som ligg nærmare dei store marknadane. Rekruttering og kompetanse vil vere avgjerande for å utvikle Norge som havbruksnasjon - til å utvikle og drive høgteknologiske anlegg. Dette fordrar høg kompetanse, og tilstrekkeleg med folk som vil arbeide i dei områda der desse anlegga er lokaliserte. Arbeidsstokken si kompetanse må utviklast løpande, m.a. gjennom utdanningsløp der ein kan kombinere arbeid og vidareutdanning. Ein må m.a. arbeide med å styrke kompetansen til dei som bur i området, også talentfulle menneske som treng litt drahjelp til å kome i relevant arbeid. Og grunnutdanninga må vere av høg kvalitet, og det må arbeidast med å synleggjere gode karriereveggar innan havbruk. Vi har førebels stipulert denne innsatsen til 5 mill kr pr år.

Rammevilkår for næringa påvirke nasjonale rammevilkår og regelverk:

Ei vidareutvikling av berekraftig havbruk utfordrar rammevilkår og etablert regelverk. Havbruk til havs opnar for muligheter, og dei regulatoriske ordningane må tilpassast dette. Likeeins ny teknologi der vi utviklar gode miljøløysingar samstundes som vi framleis dreg veksle på dei naturlege fortrinna vår som oppdrettsnasjon. Har må det drivast eit utviklingsarbeid som gjev grunnlag for å påvirke nasjonale rammevilkår og regelverk slik at dette vert tilpassa den framtida som vi skal skape i Vestland. Vi har førebels stipulert denne innsatsen til 3 mill kr pr år.

Framtidige gode søkbare prosjekt og andre tiltak:

Den forsterka marine innsatsen tek mål av seg til å styre tiltak og prosjekt. Men ein tenkjer også å opne for søknader om midlar til prosjekt som støttar opp om måla i den forsterka innsatsen. Og ein har her stipulert ein ressursbruk på 13.5 mill kr.

Budsjett 2022 og vidare:

Som skissert over er det der vi står no ikkje lett å vurdere detaljert finansieringsbehov for programmet frå 2022 og vidare, men vi har søkt å skissere ei ramme på hovedpostnivå. Mykje av detaljane i å definere kva prosjekt vi skal prioritere og kva kostnader dei vil generere, må skje i tett samarbeid med dei enkelte interessentane som er lista opp over. Budsjettsskissa er då frå vår side no tentativ.

## Tentativt budsjett for 2022 og vidare:

Tiltak	Beløp i mill. kr.
Prosjektportefølje	33,5
Areal til berekraftig sjømatproduksjon 12 mill. kr	
Rekruttering og kompetanse 5 mill. kr	
Rammevilkår for næringa 3 mill. kr	
Framtidige gode søkbare prosjekt og andre tiltak 13,5 mill. kr	
Programsekretariat	1,5
Totalt	35

## Tentativ finansiering for 2022 og vidare:

	Beløp i mill. kr.
Vestland fylkeskommune	20
Næringsaktørar	5
Statleg finansiering	10
Totalt	35

For åra etter 2022 og vidare ser vi føre oss eit samla totalbudsjett på rundt 35 millionar kr, der fylkeskommunen dekkjer om lag 20 millionar kr. Den årlege fordelinga i programperioden vil vi måtte kome tilbake til når vi er kome lenger i planlegging av konkrete aktivitetar. Vi føreset at sentrale næringsaktørar har så stor interesse av å få gjennomført tiltak at dei vil gå inn med økonomiske midlar. Når det gjeld statleg finansiering syner vi til omtale av møtet med Nærings- og fiskeridepartementet 11.mars.

Grøn region Vestland og marine pilotar

I samband med utarbeiding av regional plan for innovasjon og næringsutvikling vart det gjennomført ei scenarioanalyse for Vestland for å synleggjere naturlege konkurransefortrinn og kva vi bør satse på framover. Dette arbeidet vert no brote ned på regionar, der det vert gjennomført prosjekt som vil ta om lag tre månader i kvar region - der ein også identifiserer konkurransefortrinna i regionen og ser desse opp mot moglegheitene i nye grønne forretningsområde. Det vert i tillegg arbeidt med pilotar som gjeld heile Vestland, der vi identifiserer innsatsområde eller heile verdikjeder der vi har gode føresetnader for å lukkast. Dette sistnemnde arbeidet er ikkje finansierte pr no, og det er her høgst aktuelt med marine pilotar som må sjåast i samanheng med den forsterka marine innsatsen. Desse marine pilotane tek form etter kvart. Vi legg til grunn at det for 2021 kan vere behov for 1 mill kr til desse marine pilotane.

## Økonomi - ei oppsummering

Vi kan gje følgjande oppsummering for 2021

- Marin tiltaksplan 2021 - tiltak som ikkje er finansierte
  - o Marine grunnkart 4-6 mill kr
  - o Andre tiltak 1,7 mill kr
- Arbeid med marine pilotar - Grøn region Vestland 1,0 mill kr

Når det gjeld den forsterka marine innsatsen vil det vere behov for om lag 20 mill kr frå fylkeskommunen, jf oppstillinga framfor. Dette forutsett delfinansiering frå m.a. stat, samarbeidspartnarar og næringa. Det vil truleg mot slutten av programperioden verte behov for årleg påfyll av finansiering av denne satsinga.

## Avsluttande merknader

Vi arbeider med å forme den forsterka marine innsatsen, og arbeider samstundes opp mot fleire aktuelle finansieringskjelder. I den samanhengen merkar vi oss at fylkeskommunen vert tildelt midlar frå havbruksfondet. Midlane frå havbruksfondet vert overført fylkeskommunane som «frie midlar». Vestland fylkeskommune har fått tilført 61,9 mill. kr i 2020, og vil få tilført om lag 28 mill. kr i 2021. Frå 2022 vil utbetalingar frå den nyleg vedtekne produksjonsavgifta gje ei fast årleg utbetaling på 15 mill. kr, og i tillegg kjem eventuelle midlar frå sal av produksjonskapasitet.

Den forsterka marine innsatsen skal utformast i dialog med mange samarbeidspartnarar og interessantar. Innsatsen vert følgjeleg konkretisert etter kvart som vi kjem i ein god dialog med desse.

Det er i denne fasen av arbeidet er det naturleg nok betydeleg uvisse knytt til budsjett og finansieringsplan for den forsterka marine innsatsen. Vi skal kom tilbake med oppdateringar etter kvart som innsatsen vert konkretisert og budsjett og finansieringsplan tek form.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
Seksjonssjef naturressursar, landbruk og reiseliv